



## MØTEPROTOKOLL

For generalforsamling i Jondalstunnelen AS torsdag 26. juni 2017 kl 1300.

Møtestad: Kommunestyresalen, Jondal kommune.

Følgjande saker er til handsaming:

1. Konstituering av Generalforsamling.  
Opning ved styreleiar Toralv Mikkelsen.  
Registrering av frammøtte aksjonærar.
2. Val av møteleiar.
3. Val av person til å skriva protokoll.
4. Val av 2 personar til å medunderskriva protokollen.
5. Godkjenning av innkalling og dagsorden.
6. Godkjenning av årsrekneskapet for 2016.
7. Val av styre, ingen på val.
8. Godkjenning av godtgjerdsle til styre og revisor.

### **Sak 01/17 Opning/registrering.**

Følgjande aksjonerar møtte:

- Hordaland fylke, 52 %, representert ved...Linda Haugland Jondahl.....
- Odde kommune, 12 %, representert ved...Linda Haugland Jondahl.....
- Kvinnherad kommune, 12 %, ved Hans Inge Myrvold.....
- Jondal kommune, 12 %, Jon Larsgard.....
- Kvam herad, 12 %, ved Heidi Sandven Botnen.....

**100 % av aksjonerane var til stades og generalforsamlinga vart lovleg sett.**

### **Sak 02/17 Val av møteleiar.**

**Vedtak: Toralv Mikkelsen samr. vald.**

### **Sak 03/17 Val av person til å skriva protokoll.**

**Vedtak: John Skogseth**

### **Sak 04/17 Val av 2 personar til å medunderskriva protokollen.**

**Vedtak: Linda Haugland Jondahl og Hans Inge Myrvold.**

### **Sak 05/17 Godkjenning av innkalling og dagsorden.**

**Vedtak: Samrøystes godkjent.**

### **Sak 06/17 Godkjenning av årsmelding og årsrekneskapen for 2016.**

I 2016 passerte 200833 bilar gjennom Jondalstunnelen. Dette var ein auke på 20960 bilar samanlikna med året før. Årsdøgntrafikken i 2016 var 549 ÅDT mot 493 ÅDT i 2015, ein auke på 11,7 %. Stortingsprop. for Jondalstunnelen legg til grunn 350 ÅDT i opningsåret.

Bruttoinntekta frå bompengerevninga i 2016 var kr 18 008 741 mot kr 16 093 279 i 2015.

Samla driftskostnader viser ein auke frå kr 14 443 421 i 2015 til kr 16 530 419 i 2016, hovudsakleg på grunn av auka avskrivning av innkrevjingsretten.

Driftsresultatet viser eit overskot på kr 1 502 322 samanlikna med kr 1 673 858 i 2015.

Netto rentekostnad er på kr 1 502 322 mot kr 1 673 858 i 2015.

Årsresultatet er kr 0.

Sum omløpsmidlar pr 31.12.2016 utgjorde kr 36 010 892 mot kr 23 264 836 pr.31.12.2015. Selskapet sine bankkonti utgjorde pr. 31.12.2016 kr 27 567 058 mot kr 22 974 579 pr 31.12.2015.

Selskapet sin soliditet er på 1,7 %. Dette må ein sjå i samanheng med at årlege avskrivningar vert tilpassa storleiken på resultatet ut frå at selskapet berre skal krevja inn bompengar til å dekkja finansiering samt drift av selskapet.

Selskapet er finansiert gjennom lån i Kommunalbanken, og avdrag og renter vert nedbetalt etter ein plan der siste avdrag skal vera betalt 20.12.2023.

Revisor har kommentert eitt forhold i rekneskapen:

«I forbindelse med avviklingen av innkrevingen gjennom Folgefonnstunnelen ble en del fordringer og gjeld overført til Jondalstunnelen AS. Eksempel på dette er forskudds-innbetalinger og brikkedepositum.

Ved revisjon pr. 31.12.2016 viser det seg at en del av transaksjonene som går gjennom BT Signaal AS og som tidligere var håndtert av Folgefonnstunnelen AS ikke har blitt avstemt og ajourført siste halvår.

Vi forstår at dette nå blir gjort, men minner for ordens skyld om at det må gjennomføres månedlige avstemminger og ajourføringer av regnskapstall i samsvar med det som rapporteres fra BT Signaal AS.

Revisjonen pr. 31.12.2016 har vært betydelig mer arbeidskrevende enn tidligere år for å finne ut av sammenhenger mellom Folgefonnstunnelen AS og Jondalstunnelen AS. Pr. 31.12.2016 mener vi de fleste poster er avklart av regnskapsfører og BT Signaal AS, men inkludert i andre kortsiktige fordringer er en fordring på kr 900.000 som vi mener ikke er tilstrekkelig forklart/dokumentert og som bør følges opp i 2017.»

Vår rekneskapsfører har som mål å få avklart spørsmåla rundt denne posten i vår økonomirapport pr 30.06.2017.

Styret sitt framlegg til generalforsamlinga: Generalforsamlinga godkjenner årsmeldinga og årsrekneskapen for 2016 for Jondalstunnelen AS slik styret har lagt han fram med eit årsresultat på kr 0.

### **Vedtak:**

**Generalforsamlinga godkjenner årsmeldinga og årsrekneskapen for 2016 for Jondalstunnelen AS slik styret har lagt han fram med eit årsresultat på kr 0.**

**Sak 07/17 Val. (Ingen i styret er på val.)**

**Sak 08/17 Godkjenning av godtgjerdse til styre og revisor.**

Generalforsamlinga godkjende fylgjande godtgjerdse for styre og revisor for rekneskapsåret 2015:

- Styreleiar: fast godtgjerdse på kr 25000 + tapt arbeidsforteneste.
- Styremedlemmer: fast godtgjerdse på kr 7500 + tapt arbeidsforteneste.
- Varamedlemmer: kr 1500 pr. møte + tapt arbeidsgodtgjerdse.
- Revisor: Kr 49 063.

Styret sitt framlegg til generalforsamlinga:

Generalforsamlinga godkjenner fylgjande godtgjerdse til styre og revisor i 2016:

- Styreleiar: fast godtgjerdse på kr ..... + tapt arbeidsforteneste.
- Styremedlemmer: fast godtgjerdse på kr ..... + tapt arbeidsforteneste.
- Varamedlemmer: kr ..... pr. møte + tapt arbeidsgodtgjerdse.
- Revisor: Kr 37 500.

**Vedtak: Generalforsamlinga godkjenner fylgjande godtgjerdse til styre og revisor i 2016:**

- **Styreleiar: fast godtgjerdse på kr 30 000 + tapt arbeidsforteneste.**
- **Styremedlemmer: fast godtgjerdse på kr 10 000 + tapt arbeidsforteneste.**
- **Varamedlemmer: kr 1500 pr. møte + tapt arbeidsgodtgjerdse.**
- **Revisor: Kr 37 500.**




Toralv Mikkelsen

-styreleiar-



Linda Haugland Jondahl



Hans Inge Myrvoll